



## MEDLEMSBREV NR. 3 – 2013

**Kjære medlem,**  
det har skjedd mykje i selskapet sidan sist.

**NETTSIDA** vår  
<http://www.olavslottoselskapet.no/> er alltid oppdatert, men det er ikkje alle medlemmene våre som har denne tilgangen, så difor tek me ein kort gjennomgang her.

### MØTE OM “UÆGTE BØRN” 3.10.13:

Den prisløna formidlaren, **professor Jørn Øyrehagen Sunde** held foredrag på Vika I Hol om den rettshistoriske utviklinga for uægte børn eller lausungar, som dei òg vart kalla. Det var eit foredrag det går gjetord om! Vel 40 folk møtte fram. Møtet var eit samarbeid mellom OSS, Hol historielag og Leveld Kunstnartun. Rapport og bilder ligg på nettsida vår.

**PER GJETAR - ÅRETS JULEGÅVEBOK** blei lansert på Perstolen Libris 26. oktober. Boka har teikningar av Anne Mari Gretteberg Gjerstad og er komen ut på Boksmia Forlag. Det var eit fint arrangement med mykje publikum. Hovudpersonane i boka, Per (Tord Torsteinsrud) og Hølgi (Erlend Opheim Berg) var med og kasta glans over lanseringa. Per Ove Nybråten las frå boka og Eva Almhjell fortalte om arbeidet med teksten og om forfattaren, Olav Sletto. Det var boksignering og mange nytta høvet til å skaffe boka. Boka er ei markering av Språkåret 2013, og av at det var 50 år sidan Olav Sletto døyddde (24. oktober 1963). Ei vakker og spennande bok som høyrer heime i alle hytter og hus i heile dalen - og andre stader!

### PLANAR FRAMOVER:

**21. november - møte i Hol Historielag:**  
Styreleiar Eva Almhjell fortel om boka “Per Gjetar”. Boka vil vere til sals.

**23. november - Bokmesse i Ål kulturhus:**  
Eva Almhjell fortel om bokprosjektet “Per Gjetar”. Vi sit på stand, og boka vil vere til sals.

Boka kan også bestillast på [www.boksmia.no](http://www.boksmia.no) eller kjøpast i ein bokhandel nær deg.  
Per Gjetar ISBN 978-82-91871-32-5

**21. juni 2014 – Årsmøte:**  
Hald av datoен alt no. Eva Almhjell fortel om arbeidet med å leite opp spor etter tenestjenta Anne Jensdotter Sletto. Hovudtalar er Kari Telste, Norsk Folkemuseum. Ho er forfattar av fleire bøker om kvinneliv i samfunnet, og foredreg om tenestjentene si historie.

**Årsheftet 2014:**  
Gled dykk til spennande innhold!  
Meir informasjon kjem.

**Medlemskontingenten 2014 - 200 kr:**  
Årsmøtet 2013 sette medlemsavgifta til kr. 200. Pengane kan innbetalast til kontonr. 2333 22 62998 innan 15. februar 2014. Minner om namnet ditt og e-adressa i meldingsfeltet.

Medlemsinformasjon og nyhende blir publisert etterkvart på [www.olavslottoselskapet.no](http://www.olavslottoselskapet.no)

### SLETTOMATERIALET I BYGDEARKIVET:

Me minner om at du finn katalogen over Slettomaterialet i Hol Bygdearkiv på [www.olavslottoselskapet.no](http://www.olavslottoselskapet.no)

**Velkommen til spennande møter i 2014!**

---

Dette medlemsbrevet blir sendt som skjermembrev til dei medlemmene vi har e-postadresse til. Til dei som får brevet i posten, men som har e-postadresse:

Send melding til [bmsletto@yahoo.no](mailto:bmsletto@yahoo.no)